

TEST: HÅNDKIKKERT

Kahles Helia 10x42

POPULÆR

10x42 er den mest populære størrelsen på handkikkert.



God optikk til grei pris

At 10x42/8x42 er den mest populære størrelsen på handkikkert nær sagt verden over, kjem av ein fornuftig kombinasjon av størrelse, vekt og lvsstyrke.

Kahles Helia 10x42 har innstilling av diopteri med ring på okular.



Når pris vart tema, vart og brått haldninga til Kahles Helia 10x42 atskillig meir positiv.

I denne testen har både erfarne og mindre erfarne brukarar av handkikkert fått prøve Kahles Helia 10x42 saman med annan kjent toppoptikk som Leica og Zeiss. Dette for å få eit relevant samanlikningsgrunnlag. Eller relevant ... Når Kahles Helia 10x42 kostar omtrent halvparten av toppoptikken frå nemnde produsentar, er dette kanskje litt urettferdig, men når dei beste tross alt er best, er det slike alle andre handkikketar bør målast mot.

KONKLUSJONEN AV ALL PRØVING var nok for det første at det ennå er forskjell på auga som ser, og at dei fleste meinte at Kahles Helia 10x42 er god. Men og at Zeiss Victory HT 10x42 og Leica Noctivid 10x42 er endå litt betre. Så var slett ikkje alle einige om rangering av desse to siste, men sjølv om enkelte hadde vanskeleg for å sjå forskjell, enda dei mest erfarne med Leica Noctivid.

AT KAHLES HELIA 10X42 var meir nøye og kresen på avstand og plassering i forhold til auga samanlikna med dei to andre handkikkertane, var gjennomgåande det største ankepunktet frå dei fleste. Deretter kom kantskarpheit. Men når pris vart tema, vart og brått haldninga til Kahles Helia 10x42 atskillig meir positiv.

Kva fortener så Kahles Helia 10x42 å få i poeng? På nytt var synet til testpanelet dela. Somme meinte at den er vel verdt sine 9 poeng, andre ville ikkje gje meir enn 8. Når bare heile poeng skal brukast i test er ikkje 8,5 tema her, sjølv om det nok passar best. For meg er 8 poeng for lite, derfor får Kahles Helia 10x42 heile 9 poeng.



I denne testen vart Kahles Helia 10x42, som her står i midten, samanlikna med Zeiss Victory HT 10x42 til venstre og Leica Noctivid 10x42 til høgre.

FAKTA ER AT KAHLES Helia 10x42 ikkje er blant dei største, tyngste eller dyraste handkikkertar i øvre kvalitetsklasse av 10x42 handkikkertar. Synsfeltet på 100 meter er like stort som i andre gode 10x42, skarpstillinga passa hard utan å vere alt for noye på finjusteringa.

Innstilling av diopteri skjer med ring på okularet. Alt i alt er Kahles Helia 10x42 handkikkert for jegeren som vil ha god optikk i middels storrelse og vekt utan å betale prisen for dei aller beste.



FAKTA

MODELL: Kahles Helia 10x42

PRIS: 9500 kroner

VEKT: 770 g

MÅL: H+B 150x127 mm

SYNSFELT: 11,4 meter på 100 meter

UTGANGSPUPILL: 4,2 mm

NÆRGRENSE: 2 meter

ANNET: Vassstett ned til en meter. 10 års garanti.

IMPORTØR:

Swarovski Optic Nordic AB



- + Pris, optikk
- Litt kresen på augas plassering
- = God jaktkikkert til fornuftig pris